

# **BOKN BYGDAABLAD**

---

**NR. 9 - NOVEMBER 1996 - ÅRG. 11**

---

**UTGJEVAR.: BOKN KOMMUNE**

## **TUNG BØR FOR TRE FAMILIAR TRE UNGE OMKOM I OKTOBER**

To brå ulukker kom til å setja preg på lokalsamfunnet i Bokn i oktober.

Det første var at ein ungdom på 20 år frå Bokn vart utsett for ei alvorleg ulukke ved eit opphold i Oslo den 10. oktober. Han fekk så alvorlege skader at livet ikkje kunne reddast, og han døydde den 15. oktober.

Den andre ulukka skjedde kort tid etterpå, kor to guitar frå Stavanger på 13 og 14 år som var med eit foreldrepar på hytta i Loten, drog utover mot dei gamle festningsanlegga i Klepp den 12. oktober. Der har dei sannsynlegvis gått mot svaberga og blitt tatt av dei ubereknelege bølgene. Det var grov sjø i området denne laurdagen. Berre den eldste av desse gutane er funnen omkommen.

Mora til den eldste guten er opprinnelig frå Bokn, og ulukka har gjort eit sterkt inntrykk i bygda. Etter ein storstilt leiteaksjon dei første dagane kor også mange frivillige har deltatt, har både desse og nye frivillige frå Bokn og andre stader tatt del i leitinga.

Det har i ettertid vore samlingar kor ein har gått gjennom leiteaksjonen, og kor særleg dei frivillige organisasjonane og enkeltmenneske har fått vel fortent takk for at dei gjekk frå det dei heldt på med og viste medmenneskeleg varme, omtanke og gjorde ein innsats ved å leita etter dei som var sakna.

Det at begge ulukkene kom innafor nokre få dagars mellomrom og ramma 2 guitar og ein ungdom, gjorde at mange unge følte ekstra stor sorg og avmaktskjensle. Det har difor blitt arrangert eit par samlingar kor vener, skulekameratar og andre som følte sakn etter den 20 år gamle ungdomen frå Bokn som omkom etter ulukka i Oslo kunne treffast for samtalar og bearbeidning av dei kjenslene dei kunne ha etter ei slik uventa ulukke.

I eit så lite lokalsamfunn som Bokn, kor dei fleste kjenner både fastbuande og hyttefolk, vil mange ha tankar og medkjensla for dei nære pårørande som har mista sine kjære så brått i ung alder.

## **STATOIL INFORMERER:**

### **EUROPIPE - II - SØKNAD OM REGULERING AV RØRLEDNINGSTRASÉEN**

I følge Plan- og bygningsloven må det søkes kommunen om å få regulere de områdene som rørledningsprosjektet over Bokn legger beslag på, enten som permanente eller midlertidige spesialområder. Innenfor disse områder, vil det bli lagt begrensninger på hva en kan og ikke kan gjøre. En søknad om regulering av rørledningstraséen ble overlevert Bokn kommune 23. oktober, og samme dag ble igangsetting av reguleringsplanarbeidetet kunngjort i Stavanger Aftenblad og Haugesunds Avis, og alle berørte grunneiere ble tilskrevet.

#### **Spesialområde til anlegg og drift av ventilstasjon**

Dette området er merket punkt 1 på kartet nedenfor. Her vil det bli bygget en ventilstasjon. Denne vil bli inngjerdet og innenfor en radius av 100 m vil det være begrensninger på hva en har lov til å gjøre. I tilknytning til ventilstasjonen vil det også bli bygget en vei.


#### **Midlertidige anleggs- og lagringsplasser**

Ved område 2 planlegges det et rørlager. Området vil kun benyttes under anleggsperioden, og etterpå vil det kunne tilbakeføres til det opprinnelige. Ved område 3, på Sæbø, søkes det om å få regulert noe areal i forbindelse med rørleggingen over Boknasundet. Her skal det stå en vinsj som trekker rørene over sundet. Dette arealet vil også bli tilbakeført til det opprinnelige. Ved område 4, nord for Tåganes, vil noe areal utenfor traséen bli benyttet i forbindelse med sjakting under riksveien. Her vil det også bli nødvendig å utbedre og benytte anleggsveien øst for riksveien. Ved Viervik (område 5) søkes det om å benytte et areal i tillegg til traséen og en anleggsvei i forbindelse med leggingen over Falkeidflæet.

Ved en alternativ rute over Ognøy, vil det bli nødvendig å benytte noe areal i forbindelse med kryssing av Ognasundet (område 6), en anleggsvei og et areal sør på øya (område 7) og et område på Ognøykalven i forbindelse med kryssing av Frekasundet (område 8).

#### **Høring**

Reguleringsøknaden med detaljerte reguleringskart vil bli sendt ut på en omfattende høring. Alle lokale foreninger og lag samt berørte grunneiere vil få tilsendt hvert sitt sett av reguleringsøknaden, mens andre interesserte kan få innsyn i sakspapirene ved henvendelse til teknisk etat i kommunen.



## **NYE BOKN FISKEMOTTAK A/S HAR LAGT OM PRODUKSJONEN**



Tidlegare i år opplyste styreformann I Nye Bokn Fiskemottak A/S, Arne Øvrebø til bygdabladet at bedrifta samarbeidde med Fiskeforsyningen A/S i Mølstrevåg i Sveio i eit opplegg som skulle gå ut på at slakting av laks skulle foregå i Mølstrevåg, medan filetering og pakking skulle foregå i Bokn.

Denne produksjonen i Bokn har nå vore i gong ei tid, og dagleg leiar ved bedrifta, Johannes Johannesson opplyste i september til bygdabladet at sjølv om det ikkje har vore arbeid kvar arbeidsdag, har ein hatt ein rimeleg bra produksjon. Han håper arbeidsmengda blir jamnare i tida som kjem, slik at dei kan ha arbeid på flest muleg av arbeidsdagane. Han seier og at det kan bli aktuelt med andre typer vidareforedling. Dagleg leiar, som har hatt denne

stillinga sidan 1. august i år , seier at dei inntil slutten av september har hatt ein arbeidsstokk på 15 personar som inntil vidare har dekka opp behovet for arbeidskraft.

### **AUKA PRODUKSJON MOT JUL**

Vanlegvis aukar eksporten av laks til eksport når det går mot juletider. Ved kontakt med driftsleiar Roger Aspen ved Nye Bokn Fiskemottak i slutten av oktober, opplyser han at bedrifta nå skal ha meir folk på grunn av auka produksjon. Han seier at arbeidstakarane i bedrifta er busette i Bokn og Tysvær. Likevel var det ikkje så stor respons frå folk i Bokn sist dei averterte ledige jobbar.

Laksen som dei fileterer og pakkar går for det meste som fersk vare til marknaden i Europa.

## **MINNEORD**

Bjørn Jøsang er død, berre 20 år gammal.

Foreldre er Ingrid og Jarle Jøsang. Dei hadde 3 barn - Atle, Bjørn og Roger. I alder var Bjørn mellom Atle og Roger.

Bjørn Jøsang er oppvaksen og har gått grunnskulen i Bokn. Seinare gjekk han på Vardafjell og Skeisvang vidaregåande skule i Haugesund. Etter dette gjekk han på Næringsakademiet.

Bjørn arbeidde ei tid i nærradio på fritida. Han arbeidde nå ved Vesta forsikring.

Bjørn var ein person som hadde lett for å få kontakt med andre. Blant ungdomen var han i fremste rekke m.a. når det gjaldt drifta av diskoteket på gamleskulen.

Bjørn var rask og dyktig i det meste han foretok seg. Ved at han hadde ein så open og positiv måte å framtre på, skaffa han seg ein stor krins av vener og kjende. Også for desse har det vore eit hardt slag at han vart borte så brått og i så ung alder.

Tankane går til dei aller nærmaste som har mista ein kjær son som var i starten av det vaksne livet.



Øystein Trosvåg er død, 87 år gammal.

Foreldre var Ingebrigt og Marta Trosvåg, som budde i Alvestadkroken.

Øystein var eldst av 5 søskjen, og han var den siste attlevande av desse.

I 1947 vart Øystein gift med Ragna, f. Nedrebø. Sjølv hadde dei ikkje barn, men hadde etter krigen ei jente frå Berlin hos seg i periodar.

I yngre år var Øystein aktivt med i ungdomsforening og i IOGT-losjen.

Øystein dreiv som fiskar og sjømann. I mange år var det han og Marton Gundersen som dreiv rute- og fraktesamband mellom Bokn og Kopervik/Haugesund med kutteren "Gandal". Seinare arbeidde Øystein som landpostbud på Austre Bokn.

Gjennom arbeidet på "Gandal" og som postbud vart Øystein kjend med svært mange av boknarane. Han var ein omgjengeleg mann.

Dei seinare åra skranta helsa, og han budde då på Bokn sjukkestove.

Ektefellen Ragna døydde for vel 2 år sidan.

## **AKTIVT ÅR I BOKN HAGELAG**

Det er ingen stillstand i hagelaget. Årsberetninga som blei opplesen på årsmøtet den 7. oktober viste at det i siste meldingsår har vore 5 medlemsmøte, 2 advent/juleverkstad-kveldar, og 1 hage/plantebytedag med barneloppemarknad. Hagelaget har også pynta festlokalet til 17. mai, og hatt natursti. Vidare har dei hatt sal av kristtorn og utleige av hagemaskinar.

Styret har hatt 6 møte, og har m.a. deltatt i 3 regionmøte i Tysvær, på eit ide- og planleggingsmøte i Sandnes. Det har også viore ein deltakar på natur og miljø - studieforbundet sitt leiarkurs. I år er det investert i ny jordfresar.

Dette er styret for neste år:

Ragnhild Trosvavåg, leiar  
Odd Olsen, nestleiar  
Eva Brumborg Svendsen, sekretær  
Arne Ognøy, kasserar  
Otto Fostenes, materialforvaltar

Hildegunn Alvestad, styremedlem  
June Kro, varamedlem  
Solveig Ellingsen, revisor



Bente Husebø laga nydelige blomsteroppsatsar/bukettar som blei loddar ut.

Det vart servert kaffi/te og heimebakst som smaka godt for dei 30 frammøtte.

Hagelaget ynskjer nye og gamle medlemmer velkommen til eit nytt "Hagelagsår"

Helsing styret v/ sekretæren

## **MAMMOGRAFIPROSJEKTET I ROGALAND**

Helsesøster har forstått at mange ventar på innkalling til kontroll. Statens helseundersøkelser opplyser helsesøster om at dette er eit 4-årig prosjekt, starta i 1995, og at kvinner i Bokn (over 50 år) først vert innkalla hausten 1997. Alle kvinner som møter til kontroll vert innkalla til ny kontroll to år etterpå

Marie Løvoll Faye  
helsesøster

## **ARNE VAKTMEISTER ER PENSJONERT**

### **GJEKK AV VED 64 ÅR**

Ved at Arne Ognøy nå har nytta ordninga med avtalefesta pensjon og slutta i arbeidet som vaktmeister i Bokn kommune, kan han sjå tilbake på 30 års fartstid i Bokn kommune. han synes at han må nytta høvet til å gå frå borde nå medan han har eit slikt tilbod.

Arne starta i kommunen den 20. september 1966 med eit beløp på 8.000 kroner som fast beløp for faste arbeidsoppgåver det første året. I tillegg vart det utbetalt timebetaling på det resterande. Etter 1 år vart han fast tilsett i full stilling som kommunal tilsyns- og vedlikehaldsmann. Det var då 3 skular han skulle halda i stand, pluss kommunale bustader, vegvaktararbeid og andre oppgåver. Seinare kom oppdrag i brannvesenet, ambulansekjøring, drift av vassverk og meir.

Ei vesentleg endring kom då Bokn skule var ny i 1973. Då vart dei andre 2 skulane nedlagde. Fleire oppgåver kom imidlertid etter kvart, særleg med Boknatun i 1987.

Då vart det tilsett 1 person til i uteseksjonen.


Då Arne tok til å kjøra ambulanseoppdrag etter at dåverande drosjeordning var nedlagd, kunne det vera nokså stressande å ha denne vakta døgeret rundt. Seinare vart det ei betre ordning på dette med andre som tok vaktene utanom ordinær arbeidstid.

Opp gjennom åra har Arne vore med

på ei rivande utvikling i Bokn kommune med oppbygging og vedlikehald av mange bygg, vassverk, leidningsnett, m.v., og han er godt kjend med korleis det meste virkar. Med den nye tida er arbeidsoppgåvene blitt endra t.d. med ventilasjonsanlegg i dei større bygga. Det har vore mest hektisk vår og sommar med vedlikehald, grøntanlegg og slikt som må utførast i denne årstida.

Arne seier at arbeidstilhøva stort sett har vore gode, og han har hatt eit sjølvstendig forhold til arbeidsoppgåvene som skulle utførast. I skulen har han også likt seg godt. Her har dette med evne til kontakt med elevar vore noko som har vore avgjerande. Det har i periodar vore vanskeleg å akseptera at veggen i uverskuret skulle vera ballvegg for fotball. For ikkje å snakka om elevane sine turar på taket for å få ballen ned. Men Arne har takla ungane godt. Han meiner det er liten skilnad på arbeidstilhøva som vaktmeister i skulen før og nå. Frå leiinga ved skulen vert det sagt at vaktmeisteroppgåvene har vore utført på ein framifrå måte, og på kjøpet har dei fått mange gode historier.

Arne har vore eit begrep i den kommunale kvardagen. Han kunne utføra og fiksa det meste, og har alltid hatt glimtet i auga. Me som er tilsette håpar at han kjem innom og ser om oss.



ARNE OGNØY



**HURRA FOR 5.KLASSINGANE  
VED BOKN SKULE!  
SLO FINNØY I SPÅ! OG GÅR VIDARE  
TIL KVARTFINALEN**

Laget frå 5. klasse frå Bokn skule avgjorde det såkalla "Boknafjordslaget" i 5PÅ! først i oktober i Lokalen. Resultatet blei 24-15 i Bokn sin favør.

Dette var den 6. runden i denne tevlinga, og det var ein flott innsats av Bokn-elevane som nokon kvar kunne bli imponert over. Men tittel på statsråden som steller med budsjettet og oljemilliardane var det ingen som visste. Nå må nok laget pugga namnet og titlane på dei nye

**AVFALLET I KNARHOLMEN  
SKAL BRENNAST**

Forvalningsstyret i Bokn har vedtatt at alt hageavfallet avfallet som er samla i Knarholmen skal brennast. Det har i lengre tid vore eit tilbod til innbyggjarane i Bokn at hageavfall kunne leverast i Knarholmen. Planen var å kutta greinene. Det har imidlertid kome inn ein del anna avfall i tillegg til greiner, og driftsstyret har pålagt teknisk etat å stenga fyllinga.

Etter ei samla vurdering er nå forvalningsstyret kome fram til at avfallet skal brennast. Dette må skje når vertihøva er forsvarlege, og etter avtale med nabobedriftena Nye Bokn Fiskemottak A/S.

**TORSKERUSER TIL SALGS**

Doble, fire ringer	kr. 700,-
Enkle, fire ringer	kr. 400,-

Tlf. 52 74 85 46

statsrådane til neste gong!  
Verken Finnøy Sentralskule eller Bokn skule hadde vore med i 5PÅ! tidlegare.

Dei som var med frå Bokn var:  
Marie Vatnaland, Lars Martin Hosaas, Therese Vågshaug Nilsen og Eivind Moi Eikje.

I kvartfinalen som kjem på Lokalen den 12. november skal Bokn møta Hundvåg. Dette er ein stor skule med mange elevar, men Bokn-elevane må berre skjerpa seg og stå på, så kan det nok gå fint.

## **NEDSLAKTING AV SAU OGSÅ I BOKN**


Rogaland og Hordaland er nok dei fylka som er sterkest ramma av sauesjukdomen scrapie.

I det programmet som nå er opplagt frå styresmaktene for å utrydda sjukdomen, er det fylkesveterinæren som bandlegg kontaktbesetningar for scrapie. Det er bestemte kriterier som vert lagt til grunn når det gjeld kva besetningar som skal slaktast.

På grunnlag av dette er det i Bokn 4 gardsbruk som har slakta ned sine besetningar av sau.

Distriktsveterinær Mandrup Hovland opplyser til bygdabladet at dette er alt frå store, mellomstore og mindre besetningar.

Her i Bokn er dei sauebøndene det gjeld kome langt i arbeidet med gjenoppbygging av besetningane. Nokre har også fått ny sau.



Kompensasjonen for bøndene er 1000 kroner pr. nedslakta vinterfora sau. Det er også ei godtgjeringsordning for den innreiinga som må destruerast/brennast og tiltak utandørs som ny grus.

## **JULEKAFF OG JULEMESSE**

Bokn Bygdeutvikling inviterer også i år til Julemesse og Julekaff på Arsvågen.

Tidspunkt i år vil være **lørdag 7 og søndag 8 desember**.

**Åpningstid for lørdag fra 12 til 18 og søndag fra 12 til 19**

De som ønsker å delta med sine produkter bør gi bindende påmelding til næringskonsulenten eller til resepsjonen i kommunen innen 11 november.

Messen vil bli annonsert i Haugesund Avis og over radio 102.

Med hilsen  
Næringskonsulenten

# BOKN MUSIKKORPS

vil gjerne takka alle som støtta opp om haustauksjonen vår 12. oktober, både med å bidra med lopper og auksjonsgjenstander, og med å handla og gi høge bud. Styret takkar også korpsmedlemmene og foreldrene som arbeidde, laga mat og baka kaker. Dette er dugnad på sitt beste, og me fekk eit flott resultat med vel 15.000 kr. til korpskassa.

Det ser ut som om me greier oss bra reint økonomisk, verre er det korpset musikalsk. Akkurat nå er det så få musikantar i hovudkorpset at det kan bli dårleg med musikk til 17.-mai. Etter at dei flinke niendeklassingane våre reiste bort på skule i haust, er korpset blitt merkbart mindre. Me har heldigvis nokre ildsjeler som kjem heim på øvingskveldane, men det er ikkje alltid så godt å få det til å klaffa med lekser og skule.

Me håpar at me kan få tilbake gamle medlemmer av Bokn skulekorps/ Bokn Brass til musikkorpset. Med nedleggingsspørkelsen hengande over oss både når det gjeld Posten og kommunen vår, er det trist viss me også må leggja ned korpset. Vil DU vera med i korpset, kan du henvenda deg til Jardar på kulturkontoret for nærmere informasjon og øvingstider m.m.

## COUNTRY-DANS!

Laurdag 9. november er det klart for god, gammaldags country-dans i bygda. Det er ein velklingande duo frå Bergen, **FAIR DEAL**, som står for musikken. Etter å ha backa mange kjente country-artistar i ei årrekke, har nå dei dyktige musikarane, Jan Ove Hommel «Jansen» og Ivar Dolve, starta for seg sjølve. Desse artistane får det til å låta som om dei var eit fullt band, og det svingar skikkeleg!

Forutan å vera med på fleire CD-innspelingar, har dei **FAIR DEAL** gitt ut eigen CD - og nytt album kjem faktisk i løpet av vinteren. Bandet oppnådde også i 1995 tredje plass i den internasjonale Country Grand Prix konkurransen med melodien *Rose Colored Glasses*. Den melodien vil de nok høyra i gymsalen 9. november. I tillegg til å ha eit fyldig country-repertoar, spelar dei eit utval av Creedence Clearwater Revival samt variert samling kjente numre frå rock og gammal-pop!

Me satsar også på å selja hattar for å verkeleg få opp den rette stemninga. Sjå elles oppsette plakatar. Ver velkommen 9. november!

- styret i Bokn musikkorps -



MILJØ  
FOR  
LIVET

**SVAKT RESULTAT  
AV TV-INNSAMLINGS  
AKSJONEN  
OGSÅ I BOKN**

Det viser seg kvart år at den årlege innsamlingsaksjonen stemmer nokså godt i Bokn med det som skjer elles i landet. I år var det eit svakt år over det meste, og i Bokn kom det inn kr. 10.270 mot kr. 37.818 i fjor.

Bokn formannskap har i år løyvd kr. 2.500 i tillegg. Den summen som regjeringa løyver, vert tillagt det som er innsamla og løyvd kommunevis, og når ein legg til dette, utgjer innsamla midlar for Bokn sin del ca. kr. 23 pr. innbyggjar.

Bøsseberarane møtte mange tome hus, og dette hadde kanskje forklaring i at folk var ute i det fine veret. Innsamlarane var likevel positive, og dei fekk kvar sin pin pluss tilbod om gratis miniCruise Oslo - Frederikshavn frå Stena-Line i tidsrommet januar-juni 1997 som takk for hjelpa.

I Bokn var det kulturkontoret ved Jardar Havikbotn og ordførar Sigrunn Hole Hosaas som leia aksjonen. Bøsseberarane kom frå Bondelaget og Røde Kors. I SR-Bank Bokn stilte Bjørg Bokneberg opp.

Kommunekomiteen vil takka alle som var med på aksjonen, og alle som støtta aksjonen med midlar.

**TAKK FRÅ PÅRØRANDE**

**FAMILIEN ALVEBERG OG FAMILIEN ERLAND VIL FÅ TAKKE BOKN FOR DEN ENORME STØTTEN OG TANKENE VI VET AT VI FÅR NÅ I DEN VANSKELIGE TIDEN VI HAR ETTER AT ARILD OG JAN INGE FORSVANT FRA OSS. EN SPESIELL TAKK TIL LENSMANN GISLE HANSEN, PREST ARNE AURDAL OG LIEN SOM STØTTET OSS SÅ MENNESKELIG OG VARMT. EN STOR TAKK TIL ALLE SOM VAR MED PÅ DEN VANSKELIGE LETINGEN OG STØTTEAPPARATET RUNDT DEM. VI VET AT HELE LOKALSAMFUNNET VAR OG ER MED OSS. TAKK.**

**JORUNN, PETTER OG EINAR  
JOFRID, TOR INGE, TERJE OG BERNT  
BERTHA**

## VÆVSTOVA 20 ÅR

Torsdag den 7. november  
frå kl. 18.00 - 21.00 er du  
velkommen til vævstova.

Litt å kjøpa, litt å sjå og  
litt kaffi blir det og å få.

Er du interessert i vevning er du velkommen til oss. Me har værveld kvar  
torsdag frå kl. 19.00 og utover.



## INFLUENSAVAKSINEN ER KOMEN

Interesserte kan henvenda seg til legekontoret måndagar og torsdagar eller til sjukestova. Vaksinen kostar i år kr. 50 for personar som er over 65 år eller er i risikogruppa - og kr. 100 for alle andre.

Helseavdelinga

## TELEFONNUMMER FOR ØYEBLIKKELEG HJELP

<b>BRANN</b>	<b>TLF. NR. 110</b>
<b>POLITI</b>	<b>TLF. NR. 112</b>
<b>LEGE/AMBULANSE</b>	<b>TLF. NR. 113</b> (ved livstruande tilstand)

## BOKN LEGEVAKTSENTRAL: TLF. NR. 52 74 85 22

Dette nr. skal brukast når ein vil ha kontakt med sjukepleiar/legevakt ved Bokn  
sjukestove.

Når de nyttar dette nr. kan me setja samtalen i direkte kontakt med lege eller  
sjukehus dersom det er nødvendig.

Dette vil auka tryggleiken for dykk og kvaliteten på hjelpa me kan gi.

## HEIMESJUKEPLEIE HEILE DØGNET

Ein gjer merksam på at Bokn kommune har heimesjukpleie heile døgnet, men  
tenesta vert behovsprøvd.



Helsetenesta og teknisk etat

# Ole Brumm 70 år



## OPNINGSTIDER:

TIRSDAG: 10 - 13.30  
ONSDAG : 16 - 19.00  
TORSDAG: 10 - 13.30

## LESETIPS FOR NOVEMBER:

### VAKSNE

Brandal/Tjeltveit:  
Sau og hei  
Sauheald og heiaføring  
i Ryfylke og på haugalandet

Dahl, Kjell Ola:  
Miniatyren

Koontz, Dean:  
Sjelens sår

Lagerløf, Selma:  
Jerusalem

Staalesen, Gunnar:  
De døde har det godt

### BARN OG UNGDOM

Gjefsen, Bjørn:  
Sankta Sunniva og  
klosteret på Selja

Heie, Sigbjørn:  
Litt av ei jente

Knutsen, Per:  
Super-gutt

Olsen, Pål Gerhard:  
Tigrene tar avspark

Milne, A.A.:  
Ole Brumm og vennene hans

### VENNEN

Det er massevis av mennesker som spør og spør og spør,  
om dagen og om kilo og om folk som levde før,  
og svaret kan bli femten eller trettenhundre og ni,  
og kan jeg ikke svare, er jeg veldig dum, syns de.

Da tar jeg med meg Ole Brumm og sier: "Hør nå her!"  
Og Brumm han sier: "Femten - det er det jeg tror det er."  
Og tar han feil, så er det ikke min feil, er det vel?  
Og har han rett, tror alle jeg har klart det av meg selv.

Frå boka : Nå er vi seks av A.A. Milne






# BOKN KOMMUNE

4290 BOKN

## OPPHEVING AV BYGGE- OG DELINGSFORBOD RUNDT LODENBASSENGET

Forvalningsstyret har i møte den 17.10.96 i sak FV.71.96 vedtatt å oppheva tidlegare vedtatt byggeforbod rundt Lodensassenget.  
Ein viser til kart.



FORSLAG TIL BEGRANSNING FOR AREALDELSPPLAN  
FOR LODEN,JØSEN,STRAUMEN,SUNNALAND,HOGNALAND OG  
ARE

DATO:28.05.96



Bokn  
kommune

**LEDIG STILLING SOM AVDELINGSSJUKEPLEIAR  
I FULL STILLING**

**LEDIG VIKARIAT SOM AVDELINGSSJUKEPLEIAR  
75% STILLING**

**Stillinga som avdelingssjukepleiar i full stilling er ledig frå 1.01.97.**

**Vikariatet som avdelingssjukepleiar i 75% stilling er ledig frå 5.02.97 - 6.01.98.**

**Pleie- og omsorgstenesta er organisert slik at Bokn sjukestove er base for omsorg og pleie både i institusjonen og i heimane.**

**Alle helse- og sosialtenestene er samla i kommunesenteret Boknatun, med sosialkontor, sjukeheim, legevaksentral, helsesenter med lege, helsesøster, fysioterapeut og tannlege.**

**Bokn kommune tilbyr varierte arbeidsoppgåver innan ein modell med samordna tenester: Heimebasert omsorg, institusjon, legekontor og legevaksentral. Samarbeid med fleire faggrupper.**

**Arbeidet er i turnus med vakt kvar 3. helg. Ein må kunna disponera bil i arbeidet.**

**Stillingane vert løna som avdelingssjukepleiar, st.kode 7021, lønstr. 26 - for tida kr. 207.300 pr. år.**

**Tilsetjing på vanlege kommunale vilkår.**

**Arbeidsgjevar kan hjelpe til med å skaffa bustad og barnehageplass.**

**For nærmere opplysningar - ta kontakt med pleie- og omsorgssjef Gunn Grønnestad eller oversjukepleiar Marie Løvoll Faye, tlf. 52 74 85 00.**

**Søknad med kopi av vitnemål og attestar skal sendast Rådmannen, Bokn kommune, 4290 Bokn innan 15.11.96.**

Rådmannen

## BOKN BYGDEUTVIKLING

Bokn Bygdeutvikling har en gruppe som arbeider med trebearbeiding. Innen gruppen bruker en forskjellige treslag til de forskjellige produktene som fremstilles.

Det har vist seg at ekestammer fra myrene kan ha en alder på 2.000 til 3.000 år. Produkter av slike ekestammer får et egen utsende som mange synes er pent og noe ekstra. Vi i Bokn Bygdeutvikling ønsker derfor å ta i mot de ekestammer som er mulig.

Vi ønsker å sende prøver for å få alder bestemt på den enkelte stamme. Alderen vil bli nyttet i markedsføringen av produktene. Eks. skal laget av eiketre som er 2.000 år gammelt.

Vi håper derfor at de som måtte ha ekestammer henvender seg til næringskonsulenten eller til Sigmund Alvestad.



## TIMEAVTALE VED KOMMUNALE KONTOR

Dersom du har saker å ta opp ved dei kommunale kontora på Boknatun, må du på førehand gjera timeavtale.

Rådmannen

## BOKN AROMATERAPI

Aromaterapi gir deg nye krefter i hverdagen, og et lettere sinn i høstmørket.

Unn deg en avslappende massasje med naturens velgjørende oljer. Aromaterapi er for både mann og kvinne.

For mer informasjon/timeavtale  
ring tlf. 52 74 83 39

Velkommen - hilsen Eva

Takk for oppmerksomheten i  
anledning min 90 års dag.

Hilsen Lars Øvrebo

## HELESTASJONSDAG

Måndagar 9 -11.30.

Elles etter avtale.

Marie Løvoll Faye  
helsesøster

Helsesøsterkontoret vert stengd 18.  
november grunna ferie.

Marie Faye  
helsesøster

## MEDLEMSMØTE I BORK

(Bokn ride- og kjørekubb)

Møtet vert på Bokn Bygg fredag  
8.november kl. 18.30-21.00.

Astrid Kvam snakkar om stell av hest  
Matservering. Nye og gamle  
medlemmer er velkomne.

## EN STOR TAKK TIL INGEBJØRG OG STEINAR!

På vegne av **NORWAY CUP**-  
gjengen, lilleguttene og Bokn I.lag vil  
vi rette en stor takk for all støtte og  
sponsoring som dere har gitt oss.

## BOKN BYGDAABLAD

### UTGJEVAR:

Bokn kommune,  
4290 Bokn, tlf. 52 74 85 00  
fax 52 74 86 90

Postgirokonto 0806 5 68 45 01  
Bankgirokonto 3373 07 00305

### BYGDAABLADNEMND:

Arvid K. Jøsang, Eli Kro  
Reidun Grønnestad  
**REDAKTØR:** Reidar Alvestad

### ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn  
Utanbygds: kr. 100,- pr. år

### ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr. 300,-  
Halv side: kr. 150,-  
¼ side: kr. 75,- 1/8 side: kr. 50,-  
Små privatannonser: kr. 10,-

### FRIST FOR STOFF:

Den 20. kvar mnd. 10 nr. årleg

## ARRANGEMENT:

- 02.11: Bedehusbasaren kl. 19.30  
06.11: Fotballsesong-avslutting på Allrommet - Bokn idrettslag  
07.11: *Vestova* har 20 års markering kl. 18 - 21  
09.11: Dans på Bokn skule  
Arr: Bokn musikkorps  
10.11: Bedehusmøte NMS  
12.11: Opptaksfest for nye speidalarar Bokn bedehus  
17.11: Venemøte kl. 19-Bokn bedeh.  
22.11: Sundagsskulane sin juletrefest på bedehuset kl. 15.  
22/23: Julemesse-Røde Kors besøkst.  
26.11: Møte kl. 19.30 på Bokn b. hus v/ Erling Yrkje - Santalmisj.  
27.11: Adventsverkstad, Bokn hagelag - Allrommet kl. 19.  
29.11: Møte kl. 19.30 på Bokn b.hus v/Erling Yrkje - Santalmisj.  
01.12: Julegranstenning Boknatun/ skulen - Arr: Bokn Røde Kors  
03.12: Juleavslutting - speidalarar, ulvungar og meisar  
05.12: Juleverkstad, Bokn hagelag, Allrommet kl. 19  
13.12: Adventsfest for eldre, Bokn skule kl. 17.30. Arr: Bokn Sanitetsforening.



- 10.11. kl. 11: Gudsteneste. Offer til De 4 diakokoniinstitusjoner.  
24.11. kl. 11: Fam.gudsteneste v/ Arne Aurdal. Utdeling av 4-års boka. Offer til sønd.skulen  
01.12. kl. 19: Gudsteneste v/ vikar. Speidarane deltek. Offer til speidararbeidet.  
15.12. kl. 11: Gudsteneste v/ Arne Aurdal. Offer til Karmsund Indremisjon.

**LENSMANN**  
*Første fredag i kvar mnd.  
kl. 10.00 - 12.00 i Boknatun*

**LANDBRUKSKONTORET**  
*Kvar fredag kontordag i Boknatun*

**Ordføraren** er å treffa på Boknatun torsdag mellom kl. 12.00 - 15.00

**FOTTERAPI**  
Kvar onsdag. Påmelding i  
tlf. 52 74 82 95 - Rita Jensen